

#### **07.04.24 Referat utstillingskomiteen**

Tilstades: Sissel, Vera og Synnøve

#### **Oppdatering om kommande utstillingssesong.**

Vi har fordelt dei ulike utstillingane mellom oss, der vi har oversikt over det som skal skje::

**Synnøve:** Ålesund, Verdal, Dysjaland,

**Dag Christer og Synnøve:** Fauske

**Vera:** Frya og Snertingdal

**Sissel:** Degernes og Biristrand

Dommarkontakt tar Synnøve seg av og ho ordner med invitasjon og reise.

I 2024 er NSSK 60 år og vi tenker å svinge til med jubileumskonkurranse, info om dette kjem i sheltiebladet, men det er greit å få ut informasjon på Facebook. Sissel tar kontroll på jubileumskonkurransen og poengfordelinga der.

Kva gjer vi med hengaren? Den er plassert og lagra på Frya, vi er ingen i komiteen no som kan drakse den med seg. Det som er viktig er BIR/BIM samt plasserings skilta. Mogleg vi må få dei lokale til å ordne med evt dommartelt, bord osb.

Vi har ikkje fått CK premienene frå Tsjekkia, glass som skal brukast på storcertutstillingane. Alle rosettane i år er merka med jubileumsår.

Greit å gi sheltiekrus til dommarane, i tillegg til dommargåve.

Dommarpresentasjoner har blitt samla inn og etterspurt, og manglar framleis frå to dommarar i 2024.

Vera tar kontakt med Frya og bestiller rom til begge dommarane pluss til ringsekretær og skrivars, samt at ho sjekker ut med bestilling av middag.

Vi har fått forespørsel om samarbeid med NCK Trøndelag i 2025, evt på Stavsøra. Det er litt opp til dei lokale trøndarane om dei kan tenke seg å arrangere. Altså ein dag NSSK og ein dag NCK.